



Fylkeshovudverneombod  
Olav Vestrheim

**Fylkesrådmannen**

**Sakshandsamar:**

Arvid Stenehjem

E-post: arvid.stenehjem@sfj.no

Tlf.: 91576880

**Vår ref.**

Sak nr.: 19/4330-2

Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

**Internett l.nr.**

25725/19

**Dykkar ref.**

**Dato**

LEIKANGER, 10.05.2019

## **Svar - Innspel maimøtet 2019**

Viser til ditt innspel der du ønskjer å setje to saker på dagsorden i hovudsamarbeidsutvalet (HSU) sitt førstkommande møte den 22. mai 2019. Du adresserer dette innspelet i e-post til underteikna med kopi til sekretæren til kontrollutvalet, Einar Ulla, også registrert i ESA til same mottakarar. Eg svarar med kopi til juridisk sjef og til fylkesrådmann som relevante kopi-mottakarar her.

Først til innspelet om å legge ut fylkestinget (FT) sitt vedtak etter forvaltningsrevisjon av HMT og IA-avtalen som ny sak for HSU. Fylkestinget er vårt øvste styrande organ og deira vedtak er å oppfatte som bestilling til fylkesrådmann. Det betyr at fylkesrådmannen har ansvar for å gjennomføre dei tiltaka som FT har gjort vedtak om.

Hovudsamarbeidsutvalet (HSU) vil i denne omgang få saka lagt fram under skriv og meldingar der alle relevante dokument vert lagde ut. HSU vert inviterte til å gjere vedtak om at utvalet tek skriv og melding til vitande. Det vil som alltid vere høve for å få protokollert eit anna vedtak og eller ein merknad/tilføyning frå utvalet samla eller frå einskildmedlemmar om det er ønskjeleg.

Funna frå forvaltningsrevisjonen og om korleis fylkesrådmann ser for seg å følgje opp fylkestinget sitt vedtak kjem i meldingssaka. I fylkesrådmannen sitt tilsvare til Deloitte sit utkast til rapport kjem det fram korleis fylkesrådmann vil svare ut dei bestillingane som FT- vedtaket gir. Dette følgde saka til fylkestinget. Noko vidare konkretisering av korleis administrasjonen vil følgje dette opp er ikkje pt. klargjort. Det vere seg bestillingar ned i linja eller kursing og opplærerstiltak inn i organisasjonen.

Så til innspel om å setje på dagsorden «Oppfølging av LAMU-fagskulen i perioden 2016 – 2019» som eiga sak i 22. mai møtet. Innspelet frå FHVO angåande «Oppfølging av LAMU Fagskulen i perioden 2016-2019» er veldig omfattande og krev både tid og involvering av dei omtalte før saka kan setjast på dagsorden. Av omsynet til forsvarleg sakshandsaming er det ikkje mogeleg å få denne saka fram på denne korte tida før sakene til HSU sitt møte den 22. mai vert sende ut.

Med helsing

Arvid Stenehjem  
rådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift*

**Kopi til:**

Svein Hågård, FRM  
Tore Eriksen, FRM  
Einar Ulla, SEK